



# DET NORSKE TEATRET





## DRAMATIKK I KAMP MED SENSUR

### Edward Bonds «Smal veg mot det djupe nord» på Det Norske i ABC-teatret

England har i etterkrigstida fått ein rik og levande samtidsdramatikk, som stadig skyt nye skot. Det byrja med Osbornes «Look back in Anger», og ei lang rad spennande nye diktarar følgde: Arden, Wesker, Jellicoe, Orton, Pinter, Rudkins, Stoppard og Bond. Ulike som dei er av vesen og i form, sprungne fram av ulike miljø, synest dei likevel å ha sams drag, som slik kjem til å særprege moderne engelsk dramatikk: ein robust, livsnær substans, eit pulsslagn av levande kvardag, som gjer at dei skil seg klart frå franske absurdistar og tyske dokumentardiktarar med Peter Weiss og Kippenhart i spissen. Fleire av desse engelskmennene kjem frå arbeidsmiljø, eit miljø som gjennom deira verk får dramatisk munn og mæle: Det er ein nesten autentisk nyrealisme i detaljane, men med meir eller mindre sterke innslag av absurdisme, groteskeri og obscøne element.

Det har vore ein seig kamp mellom denne vitale opprørske dramatikken og den engelske teatersensuren, knytt til personen Lord Chamberlain. Ikkje minst Edward Bond har fått kjenne sensurens inngrep, og det stykket som har premiere på ABC-teatret 14/1, «Smal veg mot det djupe nord», vart stansa av Chamberlain. No er den engelske teatersensuren borte, og Bonds skodespel er planlagt framførte i London i stor stil. Også elles i Europa er han på trappene med sine krasse, skremmande bilete av vår samtid. Dramaten i Stockholm hadde nyleg stort rabalder omkring «Early Morning», Bonds nest siste skodespel, og planlegg «Narrow road to the deep north», som også kjem på mange andre scenar. Vi har den ære å kunne presentere den opne verdspremièren på «Smal veg mot det djupe nord». Mange vil kjenne seg provoserte av dette stykket og finne det opprørande. Men teatret skal og må provosere, og Bond skriv ut frå eit sterkt personleg engasjement og ein indre trong som gjev hans diktning moralsk kraft. Han seier om sine eigne skodespel: «Eg skriv fordi eg må. Det har falle seg slik at dei emne eg tar opp, er knytte til samtidige verdskriser. Det eg ønskjer, er å vende meg til eit stort publikum. Eg skriv som moralist. Eg vonar at mine skodespel skal få menneska til å leva på ein menneskeverdig måte, og unngå å skapa liding. Med det føremål skriv eg for å få dei til å forstå — og for å gje dei von . . .»



Edward Bond

# INTERVJU MED EDVARD BOND ved Ossia Trilling

Edward Bond er fødd i London 18. juli 1934. Han slutta folkeskolen da han var 14 år. Foreldra høyrer til den britske arbeiderklassen, og har inga teater- eller litteraturinteresser. Etter skolen tok Bond alle slags kontorjobbar.

O.T. Når vart De først interessert i dramatikk?

E.B. Eg var med i skoleteatret. Eg likte å spele, og kjende ei nestan fysisk glede ved å skrive.

O.T. Når tok De for alvor til med skrivinga?

E.B. Etter militærtjenesta.

O.T. Det første stykket?

E.B. Det har tittelen «The Pope's Wedding». Eg skreiv det tidleg i 60-åra, på den tida da eg var med i Writer's Group som den no avdøydde George Devine på Royal Court Theatre fekk i stand. Stykket vart presentert ved ei eksperimentframsyning ein søndagskveld.

O.T. Kva handla det om?

E.B. Det hugsar eg mest ikkje lenger. Men det var om ein eremitt som budde i ein by, — det var ein cricketmatch i det òg. Helten var ein ung mann som til slutt drap eremitten og tok på seg kleda hans. Når eg no talar om stykket for første gang på mange år, kjem eg i hug kva eg ville seie med det. Ein tek i arv dei emosjonelle problema til den eldre generasjonen. På den andre sida freistar den eldre generasjonen øydeleggje styrken og livet til ungdomen. Gamle menneske klenger seg omsynstlaust til dei unge, og lastar sine eigne problem over på dei.

O.T. Korleis har det seg at De skreiv det neste stykket, «Reddet»?

E.B. Royal Court tinga det.

O.T. Kven andre var med i Writer's Group?

E.B. Arnold Wesker, Ann Jellicoe og John Arden blant andre.

O.T. Har De skrive noko meir?

E.B. To andre stykke, elles berre artiklar.

O.T. Film?

E.B. Filmane mine snakkar eg ikkje om. Eg synest ikkje dei er viktige.

O.T. Kvifor skriv De dei da?

E.B. Teaterstykkane mine vart forbodne av den engelske sensuren og eg måtte livnære meg.

O.T. Er det ikkje ein einaste av filmane Dykkar De kan

seia noko om? De har jo t.d. bearbeidd Kleists Michael Kolhaas, som vart filma i Tsjekkoslovakia.

E.B. Eg har berre sett ein einaste av filmene mine. Antonionis Blow up. Den likte eg faktisk. Men filmen blir dominert av instruktøren, ikkje av forfattaren, og som forfattar trur eg ikkje på å spela andrefiolin.

O.T. Omsetjingar?

E.B. Eg laga ein versjon av Tsjekovs Tre systrer, som vart spela på Royal Court.

O.T. Men De kan ikkje russisk?

E.B. Nei.

O.T. Og enda låg den tolkinga som William Gaskill tinga for Royal Court svært nær opp til originalen.

E.B. Eg likar Tsjekov svært godt. På mange vis tenkjer eg i samme stilformer som han. Skodespelet skulle omsetjas av dramatikarar, ikkje av språkfolk. Idealet er ein engelsk Tsjekov som omset Tsjekovs stykke. Når alt kjem til alt, kan kven som helst lære seg russisk, men svært få kan skrive eit bra stykke, og berre ein dramatikar skjønar den teknikken som bygger opp og bind saman personar og ord, slik skjelettet bygger opp og bind saman eit menneske. Dei fleste dramatikarar kan lage ei levande omsetjing, medan dei



fleste omsetjingar av språkfolk berre er døme på utstopping. Språkvitskapen nyttar timar til å omsetje uvesentlege detaljar i det eine språket til eit anna språk, dramatikaren skjønar når språkgrensene står i vegen for det den forfattaren som skal omsetjast har ønskt å oppnå, og han arbeider på å finne ei meir høveleg løysing på sitt eige språk. Eller med andre ord, ei bra omsetjing freistar alltid å forbetre originalen. Dersom han ikkje gjer det, får han berre som resultat ein stum, død tekst. Desse språklege problema er ikkje symptom på krisesituasjonar, men streker under kvart ord, som ein skugge.

O.T. Kva er det «Reddet» handlar om?

E.B. «Reddet» handlar om fascisme, slappleik og brutalitet. Med andre ord: det handlar om dei siste førti åra. Det var grunnen til at stykket sjokkerte det engelske publikumet som framleis kan vere likegyldig, medan det tyske ønskte stykket velkomen. I Tyskland må ein anten vere heilt ærleg eller leve i total løgn.

O.T. «Reddet» har blitt spela i Wien og München og dessutan på eit dusin andre teater i Tyskland. Kvar har det elles vorte spela?

E.B. I Holland, Finland, Australia, Noreg, Sverige, USA, Argentina, Israel og fleire andre land.

O.T. Og enda vart det forbode i England.

E.B. Sensor slutta verksemda si 24. september 1968, men han greidde å forby dei tre første stykka mine og rakk nesten å stoppe det fjerde.

O.T. Kan De gje nokre døme på dei innvendingane sensor kom med? Morosame døme?


E.B. Den britiske sensuren er aldri morosam. På sitt beste kan han vere grotesk. Sensor hadde trass alt ei politisk stilling, sjølv om han frå partipolitisk synsstad høyrde til det upolitiske slottspersonalet. Alle moderne regjeringar set seg imot alt som kan peike i retning av ein forstyrrande kunstnarleg aktivitet – dei trur at dei moderne samfunna berre er kontrollerbare dersom dei er mogne for grava eller heilt statiske. Det var ikkje noka overrasking for meg at det tredje stykket mitt, «Tidleg morgon», vart forbode.

O.T. Kva ville De med «Tidleg morgon»?

E.B. Som eit reint kunstverk seier stykket ingenting. Men ein kan dra viktige politiske slutningar av det. Eg trur det går an å sjå stykket som ein allegori om dagens politiske tilhøve. Dronning Viktoria og dei andre

rollane i stykket er ikkje meint som historisk korrekte portrett. Dei er moderne menneske, – menneske som eksisterer i alle dei vestlege landa. Stykket handlar om retten til å ta avgjerder og om korleis denne retten korrumpere de som har makta. Når ei regjering seier «vi forsvare deg», tyder det berre at føremålet er å lure deg. I staden for rettferd gir regjeringene oss «Lov og Orden», og for å forsvare seg mot «Lov og Orden» har rettferda berre kunsten å ty til.

Lov og orden blir delvis tvungne gjennom via moralisme, som er ei blanding av hysteri, utpressing, frykt og rein ondskap. Eg trur ikkje at menneska ut frå sin eigen natur er tilhengarar av vold og at den menneskelege natur derfor treng ein autoritet som verner dei mot seg sjølve. Autoriteten freistar bevare seg sjølv,





og slik driv han menneska til valdsbruk. Dei gjer det ikkje med vilje, dei er berre dumme.

O.T. «Reddet» vart spela internt på Royal Court. Kva hende med «Tidleg morgon»?

E.B. Sensor fann eit hol i lova som ga han rett til å stoppe private framsyningar, — for klubbpublikum altså. «Tidleg morgon» vart spela for kritikarar og spesielt innbedne, men så truga politiet med å gripe inn, og eigarane av teatret kravde at stykket straks skulle leggjast vekk.

O.T. Kjem stykket opp i London no da sensuren er avskaffa?

E.B. Ja, i januar 1969 skal Royal Court ta opp tre av stykka mine på repertoaret, — «Reddet», «Tidleg morgon» og det siste stykket mitt «Smal veg mot det djupe nord».

O.T. Kvifor skreiv De d e t stykket?

E.B. Coventry Cathedral tinga det for å spele stykket på byteatret under ein internasjonal konferanse om temaet «Menneske — byar» i juni 1968. Eg skreiv stykket på to og ein halv dag.

O.T. Kva handlar stykket om?

E.B. Dei samme idéane som eg tar opp i «Tidleg morgon», men her er dei tydlegare, meir utvikla.

O.T. Er stykket politisk?

E.B. «Tidleg morgon» handla om politiske strukturar, til og med om sosiale institusjonar. Det eg freistar seie er: vi har kvitta oss med politisk kolonialisme, okkupasjonar av framande land, — men her heime har vi framleis ei slags politisk kolonialisme. Politisk sett har vi fridom og demokrati, men når det gjeld kjenslene lever vi som slavar. For at vi skal bli lette å handtere blir vi oppfostra til skuldkjensler og frykt, før ved hjelp av religionen og no gjennom ansvar som samfunnsborgarar.

O.T. «Smal veg mot det djupe nord» skil seg formelt frå dei tidlegare skodespela.

E.B. Det går føre seg i Japan, og innleiinga er basert på ei hending i Matso Bashos «The record of a Weather Exposed Skeleton». Stykket er fylt med vald, men det sluttar i ein atmosfære av von.

O.T. Korleis?

E.B. Helten er ein diktar som tek livet sitt, men eit heilt nytt menneske står opp av elva. I stykket finn vi ein

# SMAL VEG MOT DET D

Av EDWARD BOND

omsett av Einar Økland

regi:	OLA B. JOHANNESSEN
regiassistent:	HALLDIS KULSVEEN
dekor og kostyme:	DAG FROGNER
musikalske improvisasjoner:	PER ERIK THORSEN
talepedagog:	VIRAN WALLSTRØM
inspisient:	INGAR NILSEN
lys:	KARSTEN STRAND
lyd:	MENY BLOCH
rekvisitter:	LENE NILSEN
suffløse:	MAGNHILD ANDERSEN

Dokkene er laga av Tom Berre.

Kostymene er utførte på Det norske Teatrets Systove under leiing av Kirsten Høidahl.

programredaksjon:	Tove Ellefsen
foto:	Sturlason
grafisk formgjeving:	Andreas Knispel
trykk:	Torres Trykkeri, Oslo
programomslag:	Trond Botnen

# DUPE NORD

## PERSONANE:

Basho,	ØYVIND ØYEN
Kiro,	SVEIN ERIK BRODAL
Shogo,	OLE-JØRGEN NILSEN
Argi,	PER ARNØ
Tola,	THOMAS FASTING
Heigu,	ODD JAN SANDSDALEN
Bribri,	ROY LINDQUIST
Statsministeren,	OTTAR WICKLUND
Admiralen,	EINAR WENES
Georgina,	GRETE NORDRÅ
Bonden,	BERNT ERIK LARSEN
Bondekona,	JULIE ØKSNES
Matrosen,	ROY BJØRNSTAD
soldatar osv.	KAI REMLOV
	HARALD HASLE
	BJØRN SKJEFSTAD

Stad: Japan

Tid: Kring sytten-, atten- eller nitten-hundretalet.

Innleiinga byggjer på ei hending i Matsuo Boshos «The Records of a Weather-Exposed Skeleton».

EIN PAUSE

typisk viktoriansk imperieoberst, ein urokkeleg dikta-  
tor og ein hyklerisk kristendom.

O.T. Men det finst altså framleis von for verda?

E.B. Dei unge som riv seg laus, er det einaste som gir  
von for framtida. Vi blir ikkje styrte av kyniske politika-  
rar som utnyttar oss, — politikarane lurer seg sjølve  
like mykje som dei lurer oss. Politikken som blir ført  
nett no, gjer dette klart.

O.T. Kvifor skriv De?

E.B. Eg skriv fordi det er nødvendig for meg. Dei emna  
eg tar opp, har somme ganger tilknytting til aktuelle  
krisesituasjonar. Føremålet er å nå eit stort publikum.  
Eg skriv som moralist, og vonar at stykka mine kan  
hjelpe folk til å få det betre og la vere å skape lidning.  
For å oppnå dette er det eg skriv — for å få dei til å  
forstå og for å gje dei von.

O.T. Kva for forfattarar har påverka Dykk mest? Er De  
i det heile påverka av t.d. Brecht?

E.B. Eigentleg ingen, og minst av alt Brecht. Eg be-  
undrar Ann Jellicoes stil, Shakespeares intensitet og  
bredda i Euripides.

O.T. Det moderne teatret?

E.B. I England har teatret dei siste tre hundre åra  
blitt ei mindre viktig kunstart, — det viktigaste har blitt  
sagt av romanforfattarar som Jane Austen, George  
Eliot og D. H. Lawrence. Andre forfattarar som eg be-  
undrar er Blake og Marvell. Men Ibsen likar eg ikkje  
i det heile tatt. Hos han finst det ein fascistisk kjensle-  
tone. Eg protesterar når Ibsen vil prakke på oss sine  
dramatiske løysingar på livet.

O.T. De har ikkje tent stort på stykka Dykkar her i  
England?

E.B. Ikkje mykje, med unnatak av dei 1000 punda eg  
fekk i 1968 frå George Devine-fondet, innstifta for å  
hjelpe forfattarar, instruktørar og scenografar når dei  
mest treng det, slik at dei kan utvikle talentet sitt i ei  
retning som er nyttig for dei personleg.

O.T. Har De noka røynsle som instruktør eller skode-  
spelar i profesjonell samanheng?

E.B. Devine let meg vere med i ei søndagsframsyning  
på Royal Court for å gje meg ei viss røynsle. Eg var  
livredd.

O.T. Framtida?

E.B. Eg skal halde fram med å skrive skodespel. I dag  
tener eg til levebrødet med å skrive. Royal Court har

# LITT OM BASHO OG OKU-NO-HOSOMICHI

Stykket «Smal veg mot det djupe nord» hentar stoff frå diktaren Bashos reiseskildring med same namn. Men sjølve handsaminga av stoffet er ikkje bunden til dei litterære notata og historiske hendingane som er knytta til Basho og verket hans. Tvert i mot har Edward Bond gjort seg fullstendig fri frå desse, og laga eit dramatisk arbeid som er lagt til «kring sytten-, atten- eller nittenhundre talet». Dermed har han gjort stykket til eit bilete på vår alltid aktuelle og absurde samtid.

Bond har i andre stykke vist at han gjerne vil riva ned avgudsbilete. Men sidan Basho og reisene hans ikkje er så kjende i Vesten som t.d. Goethes ferd til Italia eller Heines Harzreise, kan ein ikkje i dette dramaet tala om nokon ikonoklasme. Anten Basho er avgud og skal øydeleggjast eller ikkje, bør ein likevel vita noko om mannen som forfattaren av dette stykket har lånt tittelen av.

Basho er fødd i 1644, nokre år etter at borgarkrigane var slutt. Han høyrde til samurai-klassa, og alt i barn- domen gjorde han teneste hos ein føyodalherre, der han òg studerte diktekunst. Dette heldt han fram med i mange år, først i Kyoto og seinare i Edo (Tokyo).

Diktforma han særleg arbeidde med, heiter H a i k u, eit kortdikt med tre stutte liner og i alt 17 stavingar. Eit døme:

Furuike ya  
kawazu tobikomu  
mizu no oto

Gammal dam  
Ein frosk hoppar:  
Lyden av vatnet.

Dømet er kjent fordi det uttrykker verdskjensla hos diktaren. Den gamle dammen symboliserer det evige, medan froskens rørsle syner det som skjer nett i augneblinken. Møtet mellom dei gir oss lyden frå vatnet, som for haiku-poeten er livet sjølv. For han

---

bedt meg skrive eit nytt skodespel til dei.  
O.T. Mange takk, Mr. Bond.

(Intervjuet er trykt med Dramatens og Ossia Trillings løyve. Omsett av Tove Ellefsen.)

galdt det å sjå ein samanhang i alt, i stort og smått. Dette kjem av at han sterkt interesserte seg for den zen-buddhistiske filosofien. Sjølv om han som den populære diktemeister han var, makeleg kunne livnæra seg, flytta han no til ei enkel hytte og la ut på vandring. På ferdene sine opplevde han sterkast det skiftande livet, verda og seg sjølv. Og her skulle diktinga hans oppstå.

Oku-no-hosomichi «Smal veg mot det djupe nord» er den mest kjende av reiseskildringane hans. Den er basert på den 240 mil lange ferda han brukte eit halvt års tid på i distriktet Oku (som òg kan tyda «djup»).

«Smal» veg er ikkje det same som den smale vegen i Bibelen i motsetnad til den breie vegen. Her gjeld det zen-buddhistens og kunstnarens vandring på den smale vegen mellom kunsten og naturen, livet og døden. Oku-no-hosomichi byrjar med ein prolog:

«Sol og måne er vandraran i hundre generasjonar. Åra som kjem og går, er òg vandraran. Dei som lever livet sitt på elvebåtar, og dei som dreg hestebekslet og såleis går alderen i møte, er òg stendig på vandring. Vandring er bustaden for dei alle . . .»

I Bashos ferdaminne er dikt og skildring fletta saman med episodar han opplevde på vegen. Men Bashos episodar har ingen ting felles med dei vi finn i «Smal veg mot det djupe nord». Dei historiske fakta er brukte nokså fritt. Japan var eit stengd land då Basho vart fødd, og slik var det heilt til 1850-åra. Det er utenkjeleg at Basho kunne ha møtt utlendingar i sitt liv slik det skjer i stykket. Basho, vandrande diktar i tilværet, døydde under ei ferd i 1694. Han tok avskil med livet slik:

Tabi ni yande  
yume wa karen o  
kakemeguru

Eg er sjuk på ferda  
Utpå visna marker  
spring mine draumar.


## TO ENGELSKMENN AV IDAG

Det Norske Teatret presenterer i januar to moderne engelske skodespel: «Vår og portvin» på Hovudscenen og «Smal veg mot det djupe nord» på ABC-teatret.

Både Bill Naughton og Edward Bond kjem frå britisk arbeidarmiljø. Begge tar opp samtidsproblematikk — Naughton i komediens form og i ein liten familiekrins, men med perspektiv ut over den, fordi den generasjonsmotsetning han dramatiserer har allmenn karakter og interesse. Det er realistisk menneskeskildring, fri for all absurdisme eller symbolikk, konkret og nær livet.

Bond har valt ei poetisk-allegorisk dramaform, der han tar opp rase- og kulturmotsetninga: han grip rett inn i vår tids mest eksplosive problematikk. Desse to skodespela frå England representerer ytterpunkt i den skala moderne dramatikkk spenner over. Vi synest det er interessant å presentere dei samtidig. Etter vårt syn bør eit teaterrepertoar spenne over heile registret: tilbodet til publikum bør vera så nyansert som mogleg, og regi- og skodespelaroppgåvene så ulike frå gang til gang at ein kunstnar derigjennom kan få sjansen til å fornye seg, utvikle nye sider ved sitt talent og ikkje stivne i teaterklisjear.

Tormod Skagestad



# På DET NORSKE TEATRET:

## Hovudscenen:

### «Spelemann på taket»

regi: Tom Abbot  
dekor: Per Fjeld

### «Sirkus Mikkeliški» av Alf Prøysen og Asbjørn Toms

regi: Asbjørn Toms  
dekor: Snorre Tindberg  
med m.a.: Turid Balke, Eva Solbakken, Jan Erik Berntsen, Erik Øksnes og Svein Byhring

### «Vår og portvin» av Bill Naughton

regi: Merete Skavlan  
dekor: Snorre Tindberg  
med: Siri Rom, Harald Heide Steen, Tom Tellefsen, Bente Liseth, Ulrikke Greve, Edel Eckblad og Lasse Bartnes

### «Til Damaskus» av August Strindberg

Première 12. februar

regi: Tormod Skagestad  
dekor: Arne Walentin  
med: Rolf Just Nilsen, Monna Tandberg, Tordis Maurstad, Bjarne Andersen, Elisabeth Bang, Einar Wenes, Odd Furøy, Lars Tvinde, Jack Fjeldstad

## DET NORSKE ABC-TEATRET:

### «Flåten» av Kent Andersson

Première medio februar

regi: Rolf Sand/Håkon Qviller  
med: Tom Tellefsen, Anita Rummelhoff, Alf Mallan, Ulrikke Greve, Bjørn Jensseg, Lasse Bartnes

## BIKUBEN:

### «Aberfan» av Einar Økland

Première medio februar

regi: Ingebjørg Sem  
dekor: Eva Seliga  
med: Gudrun Waadeland, Sverre Holm, Bente Liseth, Atle Merton, Svein Byhring



# SPELPLAN PÅ ANDRE TEATER:



## Hovedscenen:

«**Den Stundesløse**» av Ludvig Holberg  
regi: Edith Roger

«**Prisen**» av Arthur Miller  
regi: Knut Hergel

«**Arsenikk og gamle kniplinger**»  
av Joseph Kesselring  
regi: Kirsten Sørлие

«**Narren og hans hertug**» av Stein Mehren  
regi: Per Bronken

«**Mannen i glassburet**» av Robert Shaw  
regi: Knut M. Hansson (première medio februar)

## For barna:

«**Rasmus på loffen**» av Astrid Lindgren  
regi: Wilfred Breistrand

## Amfiscenen:

«**Faderen**» av August Strindberg  
regi: Arild Brinchmann

«**Sommeren**» av Romain Weingarten  
regi: Jan Bull

«**Reddet**» av Edward Bond  
regi: Magne Bleness

«**Sirkulæret**» av Vaclav Havel  
regi: Wilfred Breistrand (première medio februar)



«**Cabaret**» av Masteroff/Kander/Ebbs  
regi: Vera Zorina

«**Du er vår mann, Charlie Brown**»  
eitter Charles M. Schultzes teikneserie  
regi: Kjetil Bang-Hansen

## Dukketeatret:

«**Karlsson på taket**»  
regi: Alfred Solaas

## trøndelag teater

«**Spillemann på taket**» av Bock/Stein/Harnick  
regi: Svein Henning/Gene Nettles

### For barna:

«**Fantasihatten**» av Staffan Westerberg  
regi: Staffan Westerberg

## Hogaland Teater

«**Loppen i øret**» av Georges Feydeau  
regi: Arne Thomas Olsen

«**Robin Hood**» dramatisert av Bjørn Endreson



### Hovedscenen:

«**Cabaret**» av Masteroff/Kander/Ebbs  
regi: Henny Mürer

«**Måne for misfarne**» av Eugene O'Neill  
regi: Tordis Maurstad (première ultimo februar)

### Lille scene:

«**Mordernes natt**» av José Triana  
regi: Anne Gullestad (première 8/2)

### For barna:

«**Pippi Langstrømpe**» av Astrid Lindgren  
regi: Sigmund Sæverud



«**Taremareby**», barnekomedie av Davik/Toms  
regi: Asbjørn Toms

«**Vi to! Vi to!**» av Tom Jones/Harvey Schmidt  
regi: Rikki Septimus

«**En handelsreisendes død**» av Arthur Miller  
regi: Gerda Ring

«**Når vi døde vågner**» av Henrik Ibsen  
regi: Hans Heiberg





Botnen · 68